

**From:** Egil Kambo <egil.kambo@kambokraft.no>  
**Sent:** mandag 25. oktober 2021 21.46  
**To:** NVE  
**Cc:** Brit Torill Haugen; Jon Atle Eie; ketil; Kåre Helgøy  
**Subject:** Veringsåe Kraftverk- søknad om forlening av konsesjon

Hei!

Veringsåe Kraftverk fekk konsesjon den 26.10.2016. Saksnummer 201205185

Kambo Energi AS v / Egil Kambo er engasjert til å vera prosjektleiar for bygging av kraftverket.

Pga diverse utfordringar har det tatt litt tid å komme i gong. Anlegget er betre optimalisert med hensyn til produksjon, då det føreligg ein samarbeidsavtale med brukseigarforeninga, samt terrengtilpassing, då me har finjustert trase for vassveg betre etter terrenget.

Det er for lang tid sidan sendt inn detaljplanar, var på høyring hausten 2019, og fekk tilbakemelding på eit par punkt som me sendte inn på ettervinteren i år.

Me har teke tak i prosjektet no, og fått Jon Atle Eie som sakshandsamar på detaljplanane. Han har nyleg vore på staden og synfare området og komme med konstruktive innspel.

Me har engasjert Nomeland Maskin som har stor erfaring med bygging av kraftverk i området.

Detaljplanane er så godt som ferdig behandla, det er løysinga for slepp av MVF som gjenstår, og me har søkt om løyve til å setja i gong arbeidet så snart som råd i haust. Då har me vinteren og våren på oss til å få desse detaljane på plass på ein god og ryddig måte.

Pga sein vår og begrensningar i konsesjonen på byggjearbeid i øvste del av traseen ser me at det er vanskeleg å få til å gjennomføra prosjektet i løpet av neste år også dersom me ikkje får starte opp arbeidet med bygging av veg og stasjonstomt no i haust. Får me det til, kan me starte opp med betongarbeid og røyrlegging straks det er bart til sommaren.

No har me også ein flott moglegheit til å kunne få transportert overskotsmassar (organiske) frå eit hyttefelt i nærleiken no med det første, noko som vil vere særskilt bra for sluttresultatet då det er lite torv og moldmassar å hjelpe seg med i traseen dersom me får løyve til å setje i gong straks. Dette med revegetering var eit viktig poeng frå Bykle kommune si uttale til planane.

Me har sjølv sagt visst om fristen på konsesjonen, men rekna heile tida med at det var nærast ei proforma sak å få den forlengja innan fristen innan i morgon dersom me ikkje fekk godkjent planane våre i tide. Bykle kommune v/ Sigrid Bjørgum er informert om at me vil starte opp no, og har i tillegg hatt møte med leiar i verneområdet. Dei har ingen innsigelsar på prosjektet.

Me ber difor om ei så rask behandling som råd, for å forlengje konsesjonen, slik at detaljplanane til konsesjonen kan verta ferdigstillt og arbeidet kan ta til. Vinteren er ikkje lang borte, og det er ikkje mange vekene til det er uråd å gjere noko, men dei vekene er særskilt verdfulle for framdrifta i prosjektet til neste år. Det er ikkje bart i området før langt ut i mai.

Me fekk i dag ei litt uventa orientering frå NVE om at kansje søknad om forlenging av konsesjonen måtte på høyring, og me ber at de vurderar om dette er naudsynt, og eller evt vert gjort så raskt og enkelt som mogeleg.

Me søker i alle fall i dag om å få konsesjonen forlengja.

Med venleg helsing

Egil Kambo



Denne e-posten er kun berekna for den personen den er retta til, og kan innehalda konfidensiell informasjon. Einkvar uautorisert gjennomgong, bruk, kopiering eller distribusjon er forbode. Dersom e-posten er sendt feil, ber me deg vere venleg å slette heile e-posten umiddelbart og varsle avsendar om feilsendinga. Einkvar bruk av informasjonen i e-posten eller eventuelle vedlegg, er ulovleg.



Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten